



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets Presidentskap
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
19/364-

Dato **20 FEB 2019**

Orientering om framdrift i arbeidet med å legge fram ein lov- og samtykkeproposisjon om EUs fjerde jernbanepakke

Departementet arbeider med ein lov- og samtykkeproposisjon om m.a. EUs fjerde jernbanepakke. Før departementet kan sende ein slik proposisjon til Stortinget, må avtalepartane til EØS-avtalen vere einige om ein tekst til EØS-komiteebeslutning. Pga. usikkerheit rundt framdrifta til desse avklaringane, er denne proposisjonen ikkje satt opp på lista frå statsministerens kontor over kommande proposisjonar og meldingar for handsaming i vårsesjonen 2019. Likevel har eg informert om at departementet har arbeida med sikte på å få lagt ein slik proposisjon fram for handsaming i vårsesjonen 2019. Dette gjekk m.a. fram av mitt svar av 8. januar 2019 på eit skriftleg spørsmål frå Bjørnar Moxnes.

Det viser seg no at dei naudsynte avklaringane mellom EU- og EFTA-sida om dei ulike rettsaktene som jernbanepakka består av tek lenger tid enn vi tidlegare har kunna rekne med. Frå norsk side bidreg vi konstruktivt inn i dette arbeidet, med sikte på å få til dei tilpassingane som vi meiner er naudsynte for å sikre norske interesser.

Slik situasjonen no ser ut, er det ikkje realistisk å leggje til grunn at desse avklaringane finn stad før sommaren. Proposisjonen vil bli sendt over til Stortinget når dei ovanfor nemnde avklaringane er gjort.

Med helsing

Jon Georg Dale

Kopi
Statsministerens kontor